

## RUNDTJØRN

Høgdemeter over havet: 645 m

Lengde: ca 3km frå Stokksel (425 m.o.h.)

Tid: ca 1 – 1,5 time ein veg frå Stokksel.

Gradering: Dette er ein lett tur.

**Vegskildring:** Turen går om/frå Stokksel, stølen til Kjerland og Utetun. Kjør kommunal veg frå Kjerland mot Tveito i ca 2 km. (Eller gå gamlevegen over Risbrua mot Tveito). Sving til høgre ved første kryss etter brua over Hyrpo der gamlevegen og kjem opp i bilvegen. Du kan ev parkera og gå herifrå. Følg Stokkselvegen ca 1,5 km til parkeringsplassen før brua over elva på Stokksel. Stokkselvegen er bomveg, no 50 kr. Lat att grindene!

Informasjonstavler til Daurmålsnuten, Ingebjørgnuten, Oksen og Midtfjell står på parkeringsplassen.

Gå vegen til venstre etter parkeringsplassen og før brua på Stokksel. Gå denne bilvegen gjennom stølstræet og følg stien parallelt med elva Hyrpo innover Stokkseldalen til Rundtjørn som ligg ved vegen før Dalsete. Dalføret flatar ut der Tverrelvane frå Ingebjørgfjellet kjem ned i Hyrpo. Der passerar du kommunegrensa til Ulvik. Følg vegen, dalen og elva vidare til Rundtjørn. Kryss elva frå Gamle Dalsete (Øvste Dalsete) og du finn turkassa der i bjørkeskogen ved tjørna og elva. På vegen innover Stokkseldalen ser du Disk og Midtfjell på venstre side og Ingebjørgfjellet med Ingebjørgnuten på høgre side.

Her er det fint å fiske, evt. bade. Ein liten grillplass er det laga her og. Vi har og sett opp ein turbenk her.

### God tur!

**Turtips 1:** Ved Rundtjørn kan du ta til høgre før elva og gå til Gamle Dalsete og evt. vidare til Midtfjell. Denne turen har eigen turbeskildring.

**Turtips 2:** Gå vidare innover Stokkseldalen frå Rundtjørn til Dalsete. Dalsete er stølen til Hallanger.

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: [www.granvin-turlag.no](http://www.granvin-turlag.no)